



Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE)

Dykkar ref.:

Vår ref.:

24/104-9/K2-V00/LPR

Direkte innval:

56 52 70 55

Dato:

27.05.2025

Høyringsfråsegn til endringssøknad - 420 kV kraftleidning Sima-Samnanger

Me synar til dykkar høyringsbrev av 21.05.2025 med referanse 202312629-19 (vedlagt). Statnett har søkt om konsesjon i medhald av energilova til gjennomføring av anleggsarbeid i samband med omlegging av deler av den eksisterande 420 kV kraftleidninga Sima-Samnanger. Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har sendt søknaden på avgrensa høyring med frist for fråsegn 12. juni.

I Ulvik gjeld søknaden 4 trasear (TT1 – TT4) for terrengtransport ved Langvatnet, der Statnett vil oppføre ein ny rekke med monomaster ved sidan av den eksisterande kraftlinja. Ulvik herad ber NVE om å særleg vektleggja omsynet til **villrein, rype, rovfugl, landskap og kulturminne** i sin handsaming av søknaden. NVE må leggja naturmangfaldlova §§ 8 – 12 sine forvaltningsprinsipp til grunn for handsaminga.

Statnett vil gjennomføre det meste av terrengtransporten med «klatremaskin». Søkjaren vurderer sjølv at terrengtransport med klatremaskin vil «vere positivt i eit miljøperspektiv» (samanlikna med meir konvensjonelle transportformer). Helikoptertransport er særst støyande, og kan verka uroande på vilt (og menneskje) i stor omkrins. Mens terrengkøyring med vanlege anleggsmaskiner vil krevje ruteval, som gjev større risiko for terrengskade.

Ulvik herad synar på generelt grunnlag til naturmangfaldlova § 12, som slår fast, at tiltakshavar skal nytta slike teknikkar og driftsmetodar, som utifrå ein samla vurdering gjev minst skade på naturmangfaldet og best samfunnsmessig resultat. § 11 legg til at tiltakshavar skal dekkja naudsynte meirkostnader for å hindre, avgrense og utbetre eventuelle skader på naturmiljøet i samband med tiltaket. Køyring bør ikkje skje i fuktige og sårbare område. Terrengskade skal avgrensast til eit absolutt minimum, og eventuelle skader må utbetrast snarast råd etter transporten. Eventuell utbetring skal berre skje med stadeigen vegetasjon og massar. Tiltaket skal ikkje medføre ureining eller spreiring av framand artar.

Mottakarlista for høyringsbrevet synar at villreinforvaltninga skal vere høveleg høyrte i saken. Villreinen i området mellom riksveg 7 og Bergensbanen samt Nordfjella sone 2 er for tida i ein særst kritisk situasjon. Tilstanden for villreinen er klassifisert som dårleg etter den nasjonale kvalitetsnorma. Den samla belastninga av all menneskeleg aktivitet i området må reduserast. Friskmelding frå skranteskjuka krev dessutan fortsett høgt jaktuttak (av bukk), samtidig som ein skal forsøkje å byggja opp stammen for reetablering av rein i Nordfjella sone 1. Ulvik herad ber NVE vektleggje villreinforvaltninga sine fråsegn til høyringa.



Bruk av Osafjellsvegen må avklarast med Statkraft og Ulvik herad før arbeidet tek til. Tiltaksarbeidet skal ikkje vere til hinder for lokal tilkomst til Langvatnet og områda rundt under anleggsperioden.

Med helsing

Lars Præstiin
Skogbrukssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur.

Vedlegg

Høyring av endringssøknad til konsesjon - 420 kV kraftleidning Sima -
Samnanger

221979